

Til Vinje kommune

Smørklepp 22.10.25

Vedlegg til søknad om fradeling av tomt rundt bustadhuset vårt, Smørklepp 66.

Me bygde hus her på Negarden nordre då me flutte hit i 1990, og overtok samstundes garden, gnr 68 bnr 1. No er me pensjonistar og tenkjer at det kan vera tid for å sjå på kva me ynskjer å gjera med eigedomen framover. Dei tre ungane våre har etablert seg langt unna og ingen av dei har planar om å flytje heim att. For å førebu eit mogleg sal av eigedomen i framtida, tenkjer me at ei fradeling av tomta rundt bustadhuset vårt vil gjera det enklare med tanke på å behalde fast busetjing i bae husa på garden.

Gamlestoga (hovudhuset) har me leigd ut til fastbuande dei siste 16 åra, etter at onkel min døde. Der er tunet på sør- og vestsida av bustadhuset, så hovuddelen av tunet vender bort frå vårt bustadhus.

Huset vårt ligg utanfor det gamle tunet, og ligg mellom gamlestoga og nabogrensa i nordaust. Det skulle gje ei naturleg grense som ikkje delar opp tunet. Det er opparbeidd hage rundt, og det står tre små uthus i nærleiken som høyrer til huset.

Grensa me ser for oss vil ikkje gå over dyrka mark, og det vil vera den sama direkte tilkomstvegen som før til bae bustadane.

Venleg helsing

Margit Rui Christenson